



Bergen, 30. april 2010

Etter adresseliste

## Skjelprøvar - resultat frå 2009 og innsamling i 2010

### Resultat frå 2009

Dei som sende inn skjelprøvar frå sportsfiskesesongen i 2009 vil finna vedlagt ei oppsummering, i form av eit info-ark. Det er tenkt at dette skal hengjast opp på sentrale stader ved elva, slik at interesserte kan få informasjon om resultat frå analysane av skjelprøvar samla inn i det aktuelle vassdraget i 2009. Eg legg ved eit laminert ark som kan hengjast opp direkte og i tillegg nokre ulaminerte ark til kopiering eller opphenging.

### Innsamling av skjelprøvar i 2010

I samband med innsamling av skjelprøvar frå sportsfisket i 2010 er det lagt ved eit antal skjelkonvoluttar og eit ark med opplysingar om korleis skjelprøven bør takast og kva opplysingar som er viktige å notera på ein skjelkonvolutt. Det er viktig at skjelprøvane ligg luftig til dei er tørka i konvolutten, dvs ikkje vert pakka tett saman eller lagt i plastemballasje, då dette kan føra til soppdanning i konvolutten. Så snart fiskesesongen er over kan skjelprøvane sendast til Rådgivende Biologer AS.

### Verdien av skjelprøvetaking

Analysar av skjelprøvar er den enklaste og sikraste metoden for å skilja villaks og rømd oppdrettslaks. Ein får også nyttige opplysingar om alder og vekst hjå laks og sjøaure, og det har m.a. vist seg at det er ein samanheng mellom sjøvekst hjå laks og overleving av den aktuelle smoltårgangen. Det viser seg også at ein del fiskarar har vanskar med å skilja mellom rømd laks og sjøaure, og dette vil ein sjå ved analyse av skjelprøven. Ein skjelprøve utgjer også ein biologisk prøve som er velegna for genetiske testar, og eit sett med skjelprøvar frå ei elv utgjer dermed eit viktig genetisk materiale frå denne elva. Alle skjelprøvar som vert sendt til oss vert tekne vare på og arkivert etter oppgjering, slik at dei seinare kan nyttast t.d. til genetiske undersøkingar.

### Spørsmål / supplering av konvoluttar m.m.

Dersom det er behov for fleire skjelkonvoluttar eller info-ark, eller de har andre spørsmål i samband med skjelprøvetakinga, ta gjerne kontakt, anten på telefon **41 51 14 27** eller via e-post, så skal me hjelpa så godt me kan. Ved bruk av e-post, skriv gjerne til meg direkte ([Kurt.Urdal@radgivende-biologer.no](mailto:Kurt.Urdal@radgivende-biologer.no)), det vil vera eg som er ansvarleg for den praktiske gjennomføringa av prosjektet.

Til slutt vil eg takka alle dei som samla inn skjelprøvar i 2009 og ynskje lukke til med fiske og skjelprøvetaking i 2010.

Skitt fiske!

Med helsing

Kurt Urdal  
Rådgivende Biologer AS  
Bredsgården, Bryggen  
5003 Bergen